

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 13.02.2020

SAKLISTE

- GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
- GODKJENNING AV MØTEBOK
- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- ÅRSRAPPORT FOR KOMMUNALT NÆRINGSFOND 2019 OG STRATEGIAR FOR 2020
- OVERFØRING AV DELTAKERFORHOLD I INTERKOMMUNALT UTVALG MOT AKUTT FORURENSING (UA BERGEN REGION)
- FORPROSJEKTRAPPORT. NY BARNEHAGELØYSING BYRKNES
- RANDKOMMUNEPROSJEKT. VIDARE TILSLUTNING TIL PROSJEKT FELLES KONTAKTSENTER OG FELLES ARKIV
- UNESCO GEOPARK I HAFS. VURDERINGAR RUNDT GULEN KOMMUNE SI EVT. DELTAKING I FORARBEID I 2020
- OPPSTART AV ARBEIDET MED PLANSTRATEGI FOR GULEN KOMMUNE 2020-2023

Stad og tid: Vidsyn, Sløvåg kl. 09.30.
Sakstillfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Hallvard Oppedal, Ordførar

Info frå barnevernet

Vi ønskjer fleire med på laget

Er du engasjert, god på å gje omsorg og har tid til å hjelpe barn og familier i ulike livssituasjonar?

Då er det kanskje nettopp *deg* vi ser etter.

Støtteperson

Vi ønskjer fleire støttepersonar til familiar som av ulike grunner har behov for hjelp til å følgje opp barn på fritidsaktiviteter, gje barn gode

opplevingar og andre små oppdrag knytt til det enkelte barn sine interesser og behov. Du bør vera 18 år og disponera bil.



Besøksheim/støttefamilie

Nokre barn har behov for ei anna heim dei kan besøke med jamne mellomrom. Det kan vere alt frå ei overnatting midt i veka til ein helg i månaden. Som besøksheim /støttefamilie kan du bidra til at barnet får positive opplevingar og lærer å knyte seg til andre trygge vaksne- med relasjonar som liknar besteforeldre, tanter og onklar, og som kan vare over tid.

Leksehjelp

I samarbeid med Byrknes skule ønskjer vi personar som kan hjelpe nokre elever med lekser rett etter skuletid to dager i veka. For spørsmål, ta kontakt med rektor, Helge Pedersen(57781711) eller leiar i barneverntenesta, Jane Hesjedal (57782061/99792109).

Tar du på deg eit av oppdraga, må du levera inn politiattest. Løn og godtgjering etter gjeldande satsar.

For meir informasjon om dei ulike oppdraga ta kontakt med Jane Hesjedal (57782061/99792109), leiar for Gulen og Masfjorden barnevernteneste.

Forskrift om godtgjersle til folkevalde i Gulen kommune frå og med kommunevalperioden 2019-2023

Reglar og satser for godtgjersle til Folkevalde i Gulen kommune er vedtekne i det konstituerte kommunestyremøtet den 17. oktober 2019 i K-sak 106/19.

Reguleringane er no utforma i ei forskrift fordi kommunelov av 22. juni 2018 kapittel 8 krev dette. Kommunelova som gjaldt fram til det konstituerte kommunestyremøtet i 2019, hadde krav til handsaming av kommunestyret, men stilte ikkje krav om at regulativet skulle utformast som ei forskrift.

Du kan lese meir om dette på kommunen si heimeside www.gulen.kommune.no

Forskrifta vil bli sendt til kunngjering i lovdata via Lovtidendredaksjonen avdeling II 12. februar 2020.

Spørsmål eller merknadar kan sendast til postmottak@gulen.kommune.no

Klar for UKM 2020!

Vi har hatt gode arrangement dei siste åra, all honør til ungdommen som jobba så bra og tok med Turbo-prisen 2019 heim til Gulen! Ungdomsrådet står saman med Gulen Frivilligsentral som ansvarlege arrangørar for lokalmønstringa. Førebuingar med workshops og godt samarbeid førte til eit rekordår i 2019, der vi hadde ei lokalmønstring med 44 påmeldte. Dette vitnar om at kultur er ein viktig arena for ungdom å vere i.

Vil du vere med i år?? I år vil du kunne melde deg på både UKM mønstringa og på workshops på UKM.no

[Velkommen som deltakar eller publikum til UKM 2020 med discotek på Dalsøyra samfunnshus 7. februar!](#)



Kulturmidlar 2020

Lag og organisasjonar kan søkje kommunen om kulturmidlar. Søknadsfrist er 31. mars 2020. Det er to ulike ordningar å søkje på, ein for ålment kulturarbeid, og eit for kulturmidlar for born og unge. Søknadsskjema ligg på Gulen kommune si heimeside, under kulturmidlar.

Nytt frå Gulen helsesenter

Ved nyttår 2019 slutta Tom Bache-Wiig som lege i Gulen kommune etter mange år i tenesta.

I starten av januar 2020 begynte det ein ny lege som skal jobbe her som vikar, ho heiter Farmeen Afsar Khan og kjem frå Oslo. Ho tek over pasientane til Tom Bache-Wiig.

Info frå eigeomsforvaltninga

Utanom haust og vårrydding samlar det seg boss på område rundt Sollibotn kai. Gulen kommune ber om at det ikkje blir samla boss der utanom avtalte hentetidspunkt. Område bør sjå akseptabelt og ryddig ut for innbyggjarar og tilreisande.



Info frå Sone Eivindvik-Gulen sjukeheim

Sone Eivindvik-Gulen sjukeheim vil med dette ønske alle eit godt nytt år og nytte anledningen til å takke for minnegåver og andre gåver som vi har mottatt gjennom 2019.

Vidare ønsker vi spesielt å takke våre faste frivillige, men også andre entusiastiske besøkande og pårørande som har bidratt til å auke trivselsfaktoren hjå oss, i året som har gått. Velkommen att i 2020.

Eivindvik bu- og omsorgssenter og Gulen sjukeheim vil også få takke Eivindvik sanitetslag og Dalsøyra sanitetslag for hyggelige juletreffestfeiringar med sang og musikk, samt kalenderar for 2020. Dette er alltid ei triveleg stund for alle våre bebuarar/brukarar og tilsatte.

Mvh alle ansatte og bebuarar i sona v/einingsleiar Nina Haveland

Ny rekord i felte hjortar 2019

Mange takk til jegrar og rettshavarar som har lagt ned eit stort arbeid og felt 883 dyr i 2019. Dette er i Gulen og dei valda i Masfjorden som er med i Gulen og Masfjorden bestandsplanområde. I berre Gulen kommune er det felt 845 dyr. I Gulen kommune er det felt 128 hannkalv, 121 hokalv, 133 spiss, 140 ho 1,5 år, 125 eldre hann og 198 eldre ho.